

MØTEBOK

Organ:	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne
Stad:	Tingsalen - Tinghuset Leikanger
Dato:	25.05.2021
Tid:	11:00 – 13:00

Faste medlemmer til stades: Tordis Kristine Søvde- møteleiar

**Jarle Brekkhus
Arnold Hundershagen
Jarle Geithus**

**Forfall til møtet:
Linda Matisen
Berit Marie Ruud**

**Møtande vara:
Birte Barnsnes Frøyd frå kl. 12.00
Henrik Johannessen Selvåg**

Til stades med møte- og talerett: Katrine Evebø, kommunalsjef helse og omsorg

Sekretariat for møtet: Anita Foss Midlang

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Sak 1/21
Råd for personar med nedsett funksjonsevne - Skriv, meldingar, orienteringar og drøftingssaker 25.05.21

A. Skriv og meldingar

Rapport prosjektgruppe 2021

B. Drøftingar

Innspel til samfunnsplan

Det er ein god og omfattande samfunnsplan med gode tiltak og oversikt over mange område som gjeld alle. Korleis sikra at planen gjeld alle og nå måla er viktig i samarbeid med dei det gjeld slik at tiltaka treffer og slik at tiltaka blir gode og likeverdige

Enkelte område er svært detaljert, mens andre er generelle.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne som jobbar for integrering og deltaking i samfunnslivet for kvar einiskild bebuar i kommunen ser at tiltaksoppbygginga legg fokus på barn og unge, eldre og utsette grupper m.m. Mange tiltak må gå på tvers av dette og det må avklarast behov og tiltak på tvers av gruppene.

Rådet ønskjer at det blir innarbeidd i planen

1. Bustadsosial handlingsplan for Sogndal kommune
 2. Plan for Universell tilrettelegging i kommunen, inkl. kartlegge behov og iverksetjing av tiltak
 3. Rehabilitering for alle grupper, særleg a) varmtvassstrening og b) hørselsomsorg
- Tiltak som gjeld personar med nedsett funksjonsevne generelt korleis sikre at samfunnsplanen inkluderer og tek omsyn til problem og god politikk for dette.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne støttar uttalen til Samfunnsplanen frå NFU som samsvarar godt med Rådet sin eigen uttale, særleg behov for Bustadsosial handlingsplan.

C. Orienteringar

Prosjekt helse og omsorg

D. Innkomne spørsmål frå representantane

Innføring av gjengsleie fører med seg at mange personer med utviklingshemming har store utgifter på husleie. I tillegg til at mange må betale for kommunale tjenester de mottar, sykdoms utgifter osv. Sogndal kommune legger til grunn at en får bostøtte. Noe mange ikke lenger kvalifiserer for, etter at regjeringen innførte beskatning på uførestønader for noen år tilbake. Dette synes å ha gått forbi kommunepolitikere og administrasjon. Sogndal kommune må sikre at en ikke legger seg på et nivå som treffer feil mht til husleie. I dette ligger også behovet for å sikre vedlikehold av omsorgsboliger. Erfaringsmessig er det lite fokus på vedlikehold av omsorgsboliger.

[Stortinget må sette grenser for husleie - NFU Norge](#)

Sogndal kommune har nedsatt en boliggruppe som ser mulighet for å bygge omsorgsboliger på Stedje. NFU ber om at en tar opp dette som egen sak i rådet. Og at en legger frem arbeidet så langt. NFU ber om at Sogndal kommune kartlegger avlastning og boligbehovet i hele kommunen og for alle aldersgrupper. Dette må komme inn som en del av boligpolitisk plan og budsjettarbeide på kort og lang sikt.

Møtebok Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 25.05.2021

Rådet vil ha nytt møte i august og ber om ei orientering knytt til støttekontakt og avlastning i dette møtet.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ser det føremålstenleg med samarbeid og felles orientering med Eldrerådet i saker der dette kan vera relevant, ut frå mange av problemområda for elde gjeld ulike funksjonsnedsettingar

Vedtak: